B. Lyng som beite.

Som beite trur eg ikkje dyri et noko vidare lyng. Um dei laut tidleg ut um vaaren og gjekk lenge ute um hausten og det var lite med gras aa finne, so vart det helst skog dei riv i seg, björk og vier. Visst kunna nok kyrne rive i seg litt lyng, men i heimehamni her hjaa os er det lite med lyngmark. Gamle folk fortel, at ikring 1860 var det mange som flutte aat „haustbeite" seinhausten. Naar det var fint ver aa lenge fyr snöin kom, aa krytiri hadde knagi det som var heime, so flutte dei paa langstölen att ein otte ell fjorten dages tid. Daa vart det nok vel helst lyng og storr dei livde av. Nor dei sidste 40-50 aari er det vorte umlag slutt med aa la krytire gaa paa daarleg hamn. dei let dei helder staa lenger inne um vaaren og set dei fyr inne um hausten.

II. Mosing.

Mosetaking. — Aa taka upp mose aa bruke som hjaalpefor har visst vori brukt her i uminnelege tider. I naudsaari kring 1800 og utover höyrer me um at dei tok mose mol den aa blanda i bygmjöl til folkemat. Daa er det visst nok so naturleg at dei brukte mose aat krytiri.

Det fyrste eg hugsar i 1870-80 aari tok dei jamt upp mose baade bönder og smaabrukara. Ofte var det kona og borni, som var paa stölen, som kasta saman mosehaugar sidst paa sumaren. Men det var ikkje godt sölingi krytiri var i hamni, dei vilde gjerne stange og rive haugarne utover att.

1694

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II.

Helst var det naar dei hadde buført
heim fraa fjellet aa hadde hausta inn
alt heime, at dei reiste tilfjels att paa
mosetaking. Dei laut daa helst passe
paa ein dag det var mildt ver og helst
skodda (taake) ell lidt smaaregn, so
mosen var god mjuk. Det var baade
karar og kvinnor med etter som det hövde med arbeidshjaalp. Var det ikkje alt
for langt til fjels, so bar dei gjerne med
seg ei teine til aa bera mosen saman
med, ell dei tok med eit stort klæde t.d. ein
gamal kvitil til det bruk.
Tidlig ein morgon fyr det var heilt ljost
reiste dei daa burtover, aasen og fjelli til
dei trefte ein haug der det var bra mose.
No veit ikkje eg kva alle moseslagi heiter
men det var helst noko kvit krullut
mose dei vilde ha, ja og so reinsmose
som er brunaglig, den var no gjævast.
Dei tok mosen upp med hendene aa
kasta den i smaa haugar. Naar dei hadde nokre smaahaugar, bar dei mosen
saman i ein ell fleire store haugar ell
saatur „mosesaate" (ei). Dei reiv gjerne
lidt rabb ell brisk aa la under saata.
Det skulde helst vera eit lass i kvar
mosasaate. Dei bar mosen saman
antil i teinen ell i klædet, men daa
laut det vera tvo. Dei tok daa ein i kvar
ende av klædet, la det ned paa marki aa
subba mosahaugarne upp paa klædet. Tok so
ein i kvar ende aa bar mosen saman.

1694
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Naar mosåsaata var passe stor, klendi dei
den godt saman, reiv lidt rabb aa la over
aa ein par steinar, so den seig godt saman.
So spikkar dei ei stikke med eit par bokstaver
paa aa stikk ned i saata som eigarmerkji.
Dei sette helst mosesaata paa ein haug, so
den var lett aa finne att naar snöen kom.
Det var vist som ei uskrivin lov, at dei tok
mose kvar dei vilde utan aa spyrgja um lov.
Sosnart snöen kom og myrar og tjern fraus
til um haustin, köyrde dei mosen heim.
No var det sjeldan mosåsauturne var gjönomfrosen,
so dei fekk velte dei paa sleen heil, aa
daa laut dei stökke dei upp i store flak med
spadi. So la dei flaki i utkanten inntil sleagrindarne
aa auste so den lause mosen
i midten, la nokre björkesveg over og gyrde
lasset saman. Det var helst i heimfjelli
dei tok mose so ei halv ell ei heil mil fraa
bygdi. Det var nok sume, som tok mose i
langfjelli ogso, gjerne ein par mil burte.
Det var meir og finare mose der, men
det vart lang köyring. Mosen veks seint,
so det gjekk aarevis fyr den vaks atte der
den vart teken, so her i heimfjelli vart
det mindre av den og i 1910–20 aari vart
det meir og meir slutt paa mosetaking og
no er vel det ogso berre segn um gamle dagar.
Det var oftast ei skjykju inn til laaven,
som dei hadde mosen inn i naar dei köyrde
heim um haustin. Umlag alle krytir likte
mosen, men helst var det no kyrne og sau
og gjeit. Aat kyrni blanda dei gjerne mosen
blandt lidt anna for og hestemök i sörpebutta,
men smaakreturi peta den upp som anna for.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

## VIII.

Reinsmose vart rekna for fint og godt for, men daa det er lite av den mosen, so vart den vanleg blanda saman med den andre. men me maatte jamt passe paa aa pela den reinsmosen, som var aa finne.
Sume skrapa saman noko dei kalla „mosa-for". Paa sume haugar og hordur i fjelli vakse det ofte eindel gras blandt mosen, smyle og enggras. So tok dei med slaatteambaa aa slo dette graset aa rakka saman baade gras og mose, bar det saman i haugar. Dette kalla dei „mosafor". Det var no visst ikkje noko aalment dette, for det vart visst mykje skrap i dette foret, som ikkje kry=tire kunne eta. Det vart visst mykje avfall.

1694

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING